

Justervesenet  
v/Silje Elise Bertheussen

postmottak@justervesenet.no

Dato: 07.12.2015  
Vår ref.: 2015/552-66  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Høyring - evaluering av taksameterforskrifta og tilsynet med taksametre

Ein viser til Justervesenet sitt høyringsbrev av 17.11.2015 vedrørande evaluering av taksameterforskrifta og tilsynet med taksametra.

Hordaland fylkeskommune (HFK) er løyvestyresmakt for drosjeløyve i Hordaland løyvedistrikt. HFK deler Forbrukarrådet sitt syn på at strenge reglar for taksameter og prisberekning og rutinemessig kontroll er nødvendig for å sikra tilliten hjå forbrukarane og at redusert kontroll vil vera uheldig.

Det er vidare HFK sitt syn at Justervesenet bør stå for kontrollen sjølv og ikkje serviceverkstader o.l. Erfaring syner at økonomisk interesse og/eller bindingar til næringa fører til sviktande kvalitet på kontrollen, t.d. i samband med gjennomføring av eksamen på det obligatoriske løyvekurset.

Det er viktig å kvalitetssikra taksameter før det vert teke i bruk. HFK meiner derfor at installasjonskontroll må vidareførast som i dag. For å unngå høve til bevisste endringar på taksameter før kontroll, bør ein gjennomføra kontroll med utval. HFK sluttar seg derfor til Justervesenet si anbefaling om tiltakspakke 4. Sjølv om denne fører til færre kontrollar enn med nullalternativet, vil dette etter vårt syn vegast opp av den avskrekkande og preventive effekten ved kontroll med utval utan førehandsinnkalling.

HFK har hatt god og relativt hyppig kontakt med Justervesenet i løpet av dei siste 2-3 åra, der ein gjensidig har utveksla informasjon om løyve og taksametre. Dei erfaringane HFK har gjort seg viser at det er stort behov for eit sentralt register for å dela relevante opplysingar om drosjenæringa, slik Justervesenet foreslår.

Det er vidare relevante opplysingar som Justervesenet i dag ikkje registrerer, men som det ville vore nyttig å ha registrert. Justervesenet fører register over monteringar av takstameter. Dagens regelverk pålegg ikkje serviceverkstadane å melde frå om demonteringar, men etter vårt syn burde demonteringar vore registrert. Opplysingane kan vera relevante for løyvestyresmakta i samband med kontroll av erstatningsbil for drosje etter yrkestransportforskrifta § 48, og i samband med kontroll av driveplikta.

Dagens taksameterforskrift stiller ikkje krav til samsvar mellom taksameter og eit eksisterande løyvenummer. Etter av taksameterforskrifta tredde i kraft har det vorte monaleg dyrare og meir komplisert å flytta taksameter frå ein bil til ein annan. Ein ser at ein del løyvehavarar monterer taksameter i ein ekstra bil, og taksameteret får ein ekstra bokstav eller eit ekstra tal i tillegg til det eigentlege løyvenummeret. Slike bilar vert kalla «erstatningsbil», men samferdselsdepartementet har ved fleire høve presisert at det er taksameter og taklampe i den ordinære drosja som skal nyttast i erstatningsbilen. Det gjeld særskilte vilkår for å nytta erstatningsbil.

Utan krav om at det skal vera samsvar mellom taksameter og eit reelt løyvenummer, utviklar det seg praksis med å ha fleire bilar med taksameter enn løyve. Desse kan nyttast utan at vilkåra for å nytta erstatningsbil er til stades, noko som er konkurransevridande. HFK meiner at eit nytt punkt i taksameterforskrifta § 32 som seier at eit taksameter berre er tillate å bruka dersom det er knytt til eit gyldig løyve, kan vera eit effektivt tiltak mot misbruk. Justervesenet gjennomfører då berre kontroll når gyldig løyvedokument vert framlagt.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*